

## Fiska etter råtalappa, fekk storlaks på 6 kg!

25.07.2015



Kristian og storfangsten.

**11 år gamle Kristian Øvstebø hadde ei heilt spesiell fiskeoppleving i føremiddag. Han var på kaien ved nausta nedanfor Korsnesfeltet og fiska etter råtalappa og annan småfisk. Med 0.30mm gøtt og ein liten fiskekrok med musling til agn vart det litt småfisk på den ivrige fiskaren og friluftsguten. Men så skjedde noko overraskande!**

- Eg såg ei sværing som kom mot agnet. Jammen beit den på! Den gjorde eit sværa hopp utover, men så roa den seg , og eg fekk den inn til lands, fortel Kristian om fiskeopplevinga.

Først rusa den allereie erfarne friluftskaren vekta til rundt 4 kg.

- Men vi måtte til Rosendal å kjøpa fiskevekt, det må vi jo ha, og kontrollveginga viste at den var 6 kg, fortel ungguten som knapt har landa etter opplevinga. Han meiner bestemt at det er ein oppdrettsfisk.

Søskena Andre og Katrine er mest like ivrige etter å fortelja om det som skjedde. Dei fortel at heile familien med pappa Jan og mamma Claudia var på kaien då storfangsten vart landa.



Nesten like stor som guten!

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Privat